



1. juli 2021 ble Kompetanse Norge en del av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, se hkdir.no.

Søknadsprosess



Krav til søknaden og opplæringa – Kompetansepluss fagopplæring 2023

Krava bygger på Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer for Kompetansepluss arbeid. Kompetansepluss fagopplæring er ei prøveordning etter punkt 1.5 i retningslinjene.

Formelle krav må vere oppfylte på søknadstidspunktet. Søknadar som ikkje oppfyller desse formelle krava, blir avvist utan vidare behandling. Prosjekta som får støtte, må oppfylle krava gjennom heile prosjektperioden.

Det skal komme tydeleg fram av søknaden at opplæringa skal førebu deltakarane til å ta fagbrev gjennom praksiskandidatordninga i tillegg til å styrke grunnleggande ferdigheiter. HK-dir avslår søknadar der dette ikkje kjem fram eller søknaden har manglar.

Kvalifiserte søknadar blir prioriterte etter prioriteringskriteria.

Søkar – opplæringsmottakar og opplæringstilbydar

Krav til søkar og samarbeidspartar

Søkar kan vere ein av følgande alternativ:

1. opplæringsmottakar, altså ei bedrift med tilsette* som skal vere deltakarar og få opplæring i prosjektet. Ein opplæringsmottakar må søke i samarbeid med ein opplæringstilbydar.
2. opplæringstilbydar. Ein opplæringstilbydar må søke i samarbeid med minst éin opplæringsmottakar.
3. ein arbeidslivsorganisasjon, eit organisert nærings samarbeid, ei næringsforening eller liknande. Ein slik søkar må søke i samarbeid med ein opplæringstilbydar og minst éin opplæringsmottakar.

* sjå meir om krav til tilsette under avsnittet Målgruppe.

Søkar og alle samarbeidspartane i søknaden må vere registrert i Brønnøysundregisteret. Opplæringstilbydar skal i tillegg vere registrert med ein næringskode som viser at de har opplæring som formål, det vil si ein næringskode i kategorien P-utdanning (85.xxx). [Les meir om næringskodar hos SSB](#) .

Kursholder må ha erfaring fra teoriopplæring for praksiskandidater eller fagopplæring (fortrinnsvis innenfor det faget eller programområdet søknaden omfatter), og kompetanse til å gjennomføre slik opplæring. Det skal beskrives i søknaden hvordan kravet til fagopplæringskompetanse ivaretas. I tillegg skal det legges ved ei oversikt over interne kursholdere eller ein intensjonsavtale med eksterne kurshaldarar. Oversikta/avtalen må vise korleis krava til erfaring og kompetanse blir oppfylt.

Opplæringsmottakar skal bidra med egenandel i prosjektet. Egenandelen kan vere i form av lønn til deltakarar i kurstida, faglige ressurser i opplæringa, lokaler, mat eller annet. Opplæringsmottakars egenandel skal framgå av søknaden.

Kompetansepluss fagopplæring er ei prøveordning. Søkar og samarbeidspartnarar må derfor forplikte seg til å delta i evaluering av ordninga.

Bemanningsbyrå kan ikkje vere med i prøveordninga.

Forankring av søknaden

Alle partane i prosjektet står ansvarlege for det dei forpliktar seg til i søknaden. Ved elektronisk signering i søknadsportalen har alle partane forplikta seg. Søknaden kan ikkje sendast inn før alle partane har signert.

Målgruppe

Deltakarane i opplæringa skal vere vaksne arbeidstakarar, primært med låg formell utdanning, som treng opplæring for å kunne ta fagbrev som praksiskandidat og som i tillegg har behov for å styrke grunnleggande ferdigheiter eller norsk/samisk.

Deltakarane må ha arbeidspraksis innafor fagområdet som opplæringa skal føregå i. Deltakarane skal ha løns- og arbeidsforhold hos opplæringsmottakar. Lærlingar kan ikkje vere deltakarar.

Opplæringa

Opplæringa skal

vere praksisnær og ta utgangspunkt i deltakarane sine erfaringar, ressursar og behov for opplæring.

kombinere opplæring i grunnleggande ferdigheiter (les/skriv, rekning, muntlege og digitale ferdigheiter) eller norsk-/samiskopplæring med opplæring som førebur deltakarane til å kunne ta fagbrev som praksiskandidater. Søknadar som berre omfattar fagopplæring eller berre opplæring i grunnleggande ferdigheiter (ordinær Kompetanseplussopplæring) er dermed ikkje kvalifiserte.

i hovudsak føregå på norsk eller samisk. Andre språk kan brukast som støttespråk.

for grunnleggande ferdigheiter/norsk/samisk, ta utgangspunkt i **Læringsmål i grunnleggande ferdigheiter** og/eller **Læreplan i norsk for vaksne innvandrarar (2021)** og/eller læreplanar i samisk*, avhengig av målgruppa sine behov, språkbakgrunn og innhaldet i opplæringa.

vere dialogbasert. Dette inneber at deltakarane har ei aktiv rolle i undervisninga og er ein del av eit i læringsfelleskap der dei får diskutere og reflektere saman med andre.

vere organisert som gruppeundervisning. Kwart kurs skal planleggast og gjennomførast med minst fem deltakarar. anbefalt gruppestørleik er 10 til 12 deltakarar per kurs. Deltakarane sine læringsaktivitetar utan lærar tel ikkje som kurstimar.

vere dokumentert i frammøtelister eller logg**

HK-dir tilrår eigenaktivitet mellom samlingane der deltakarane etter avtale med arbeidsgivar får høve til å prøve ut det dei har lært, eller kan hente inn problemstillingar og materiell frå arbeidsplassen til bruk i opplæringa.

Krava til opplæringa gjeld i utgangspunktet også når ho er heilt eller delvis nettbasert, inkludert med bruk av Teams, Zoom, Skype, video eller liknende. Det må kunne dokumenterast i etterkant at deltakarane har fått like mange timar opplæring som det er gitt tilskot til og i tråd med søknaden.

Opplæringa skal foregå i Norge, inklusive Svalbard.

Opplæringstiltaket kan starte tidligst 01.04.2023 og må vere gjennomført og sluttrapportert innen 30.06.2025. Dersom opplæringa startar før svar på søknaden er mottatt, gjer søkar dette på eiga rekning og risiko.

Opplæringa skal vere gratis for deltakarane. Det skal ikkje vere økonomiske sanksjoner rettet mot deltakarane knyttet til gjennomføring av opplæringa.

* **Dei aktuelle læreplanene i samisk finn de her**, under «læreplaner i fag» – Grunnskole og gjennomgående fag vgo.

** Sjå HK-dir sin mal for frammøtelister for kva som skal dokumenterast. Malen ligg under frammøteliste på **rapporteringsida for Kompetansepluss**.

Publisert: 06.02.2023
Oppdatert: 02.02.2023

 Skriv ut

Interessant? Del med flere!

